

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	529
Land:	Gaza-Vestbredden
Kilde:	Landinfo
Titel:	Palestina: Israels, Egypts og PAs kontroll over den humanitære situationen på Gazastripa
Udgivet:	30. juni 2022
Optaget på baggrundsmaterialet:	13. oktober 2022



Palestina: Israels, Egypts og PAs kontroll over den humanitære situasjonen på Gazastripa

- I kva grad har israelske myndigheiter kontroll over omstende som påverkar den humanitære situasjonen i Gazastripa, som tilgang til straum, vatn, mat, helse og utdanning?
- I kva grad har palestinske myndigheiter kontroll over nemnde omstende?
- Kva er israelske og egyptiske myndigheiter si forklaring på at dei opprettheld blokaden og fører den politikken dei gjer overfor Gazastripa?
- Kva er sivilsamfunnsorganisasjonars og FN's meining om korfor israelske myndigheiter fører den politikken dei gjer overfor Gazastripa?
- Landinfo ga i temanotatet *Palestina: Humanitære forhold på Gazastripen* frå desember 2021 ei vurdering av framtidig utvikling på Gaza – er desse vurderingane er like aktuelle i dag?

Femten år med blokade og strenge restriksjonar

Denne responsen tar utgangspunkt i Landinfos temanotat frå desember 2021 som gir eit grundig innblikk i den humanitære situasjonen på Gazastripa. Responsen gir nokre oppdateringar om korleis situasjonen har utvikla seg det siste halvåret og hovudmålet er å svare på i kva grad eksterne politiske myndigheiter, som Israel, Egypt og PA, rår over den humanitære situasjonen. Gazastripa har i minst femten år vore underlagt ein streng israelsk-egyptisk blokade, innført i kjølvatnet av Den andre intifadaen (2000–05), da Hamas-rørsla, etter eit mislykka forsøk på å danne ei fellesregjering med erkerivalen Fatah, tok kontroll over Gazastripa (2007).

I dag er dei palestinske områda delt politisk og geografisk: Dei Fatah-dominerte Palestinske sjølvstyremyndigheitene (PA) styrer (delar av) Vestbreidda med vestleg og arabisk økonomisk støtte, medan Hamas, primært støtta av Qatar og i nokon grad Iran, styrer Gazastripa. På grunn av sanksjonane mot Hamas sitt styre, har Gazastripa utvikla seg i utakt med Vestbreidda. Israelske myndigheiter held fram med å kontrollere Gazastripa sitt luftrom, sine maritime område og grense-overgangar, ved unnatak av den sørlege Rafah-overgangen som blir styrt av Egypt.

Som vi utdjuper i denne responsen, har blokaden og gjentatte krigshandlingar mellom Israel og Hamas lagt fundamentale hinder for økonomisk utvikling, folk si evne til å røre seg og deira tilgang til basisressursar som straum, vatn, mat, helse og utdanning. Det er viktig å understreke at det ikkje ville vere mogleg for Israel å oppretthalde blokaden på ein effektiv måte utan støtte frå Egypt, som kontrollerer det meste av rørslle, import av varer og ressursar langs den sørlege grensa. Dermed påverkar Egypt også den humanitære situasjonen.

Utover dette viser responsen at palestinske interne spenningar fører til ei fragmentering av samfunnsinfrastrukturen som er med på å forverre krisa.

Israels kontroll over den humanitære situasjonen

Elektrisitet og drivstoff

I 2008 vedtok israelsk høgsterett at det var lovleg for staten å «avgrense forsyninga av drivstoff og elektrisitet» til Gazastripa i «kontekst av den væpna konflikten» mellom Israel og Hamas (Ahmed v. Prime Minister 2008). Medan blokaden har gjort innbyggjarane nær avhengig av å importere israelsk energi for å klare seg, har Israel på same tid halde fram med å avgrense tilgangen til straum (Gisha 2019).

På grunn av at Israel ikkje samhandlar med Hamas, blir elektrisiteten på Gazastripa distribuert av Gaza Electricity Distribution Corporation (GEDCo), som sidan opprettinga i 1998 har vore eigd av PA (GEDCo u.å.). PA kjøper straum frå Israel, som blir levert gjennom nettverskablar som kan gi opptil 120 megawatt i døgnet (Lieber 2018), og forhandlar om retten til å importere drivstoff (diesel) for å forsyne det eine kraftverket som finst på Gazastripa.

Jamvel om Gazastripa har eit eige kraftverk som produserer straum, har kronisk mangel på drivstoff til å drive anlegget, dårleg økonomi og israelske restriksjonar gjort anlegget ute av stand til å produsere med full kapasitet (GEDCo 2017).

I 2018, under ei langvarig straummangelkrise på Gazastripa, opna Israel for å la Qatar betale for dieselforsyningar til kraftverket, og den qatarske staten har sidan den gong fungert som ein uformell drivstoffleverandør (Boxerman 2021). Ifølgje FNs kontor for koordinering av humanitær innsats (heretter OCHA) har ikkje Gazastripa fått forsyningar gjennom det egyptiske straumnettet sidan februar 2018 (OCHA 2022a).

OCHA opplyser på sine nettsider at innbyggjarane på Gazastripa i 2022 i snitt har vore avhengig av 437 megawatt kvar dag for å få dekt sine basisbehov. Medan straumforsyningar frå Israel i år har dekt i snitt 119 megawatt kvar dag, har kraftverket i Gaza produsert i snitt 75 megawatt. Med andre ord har ein i snitt mangla

243 megawatt for å dekke det daglege behovet. I praksis vil dette seie at innbyggjarane i år har hatt straum om lag tolv timar om dagen, medan dei har mangla det dei resterande tolv (OCHA 2022a).

Kroniske og langvarige straumavbrot har fundamentale ringvirkningar for forretningar, sjukehus, saneringsanlegg og annan nødvendig infrastruktur. Straumunderskotet hindrar folk i å planlegge, lagre mat og varme opp eller kjøle ned hus og leiligheiter. Spesielt ille er situasjonen for dei med fysisk utviklingshemmingar som er avhengig av elektrisk utstyr for å røre seg, som heisar og elektriske rullestolar (HRW 2020). Straumunderskotet er også svært utfordrande for elevar og studentar som er avhengig av lys og internett for å arbeide.

Mangelen på elektrisitet har sendt innbyggjarar på søken etter alternative kjelder for energi. Mange av sjukehusa på Gazastripa har dieseldrivne nødgeneratorar for å klare seg gjennom straumkutt (MEMO 2018), men er like fullt avhengige av å importere drivstoff frå Israel og Egypt for å drifte desse. Ifølgje den israelske menneskerettsorganisasjon Gisha har det vorte vanleg for internasjonale donorar og private entreprenørar å tilby lågrentelån for å bygge solcellepanel (Gisha 2017). Ein forskingsartikkel frå 2022 hevdar at potensialet for å utvikle sol-, vind- og bølgeenergi på Gazastripa er stort, men slår også fast at infrastrukturen er uutvikla: Jamvel om mange husstandar, skolar og sjukehus har installert solcellepanel, erstattar framleis ikkje denne teknologien behovet for dieselgenerert straum (El-Khozondar & El-batta 2022).

I desember 2021 rapporterte israelsk media at Qatar og PA hadde vorte einige om ein avtale om å forsyne kraftverket på Gazastripa med israelsk naturgass (Times of Israel 2021). Qatar skal ha satt til side 60 millionar USD for å bygge ei røyrleidning som forbind det israelske gassfeltet Leviathan med nemnde kraftverk. Målet med prosjektet skal vere å gi Gazastripa stabil straumforsyning heile døgnet ved å bruke energi som er både billigare og reinare enn dagens drivstoffløyising (Boxerman 2021). Qatar, EU, Israel, Egypt og PA har i fleire år diskutert implementeringa av gassforsyning til Gazastripa, utan å bli einige om ei løysing. Tidleg i 2021 signaliserte fleire av partane, inkludert det israelske statlege energiselskapet, at ein hadde gjort framgang i samtalan og var nær eit gjennomrbot (Rabinovich & al-Mughrabi 2021).

Ifølgje dei ovannemnde medieomtalane vil prosjektet, i den grad det blir realisert, bygge vidare på den etablerte praksisen om at PA (ved hjelp av internasjonale partar) importerer energi frå Israel. Sjølv om det blir sagt at målet er å realisere prosjektet i løpet av 2023 (Rabinovich & al-Mughrabi 2021), hevdar enkelte israelske kjelder at det enno kan ta mange år før det står ferdig (Klaiman 2021). Sidan røyrleidningen skal gå via Israel, vil prosjektet såleis ikkje utfordra Israels posisjon som den dominerande straumleverandøren til Gazastripa. Etter alt å dømme vil Israel framleis ha kontroll over straumtilførselen til området.

Vatn

I 2018 åtvara ei rekke humanitære organisasjonar om ei vasskrise på Gazastripa. Fleire år med overutvinning av vatn hadde gjort at området sin eine kystakvifer, kjelda til 95 % av drikkevatnet, ikkje lenger rakk å bli fylt opp med nedbør. Resultatet var at ubehandla (eller ikkje tilstrekkeleg behandla) kloakkvatn som dagleg blir pumpa ut i havet, hadde byrja å drive inn i akviferen og forureine drikkevatnet (OCHA 2018).

Jamvel om det finst fleire donorstøtta saneringsanlegg på Gazastripa for å behandle drikkevatn, gjer det kroniske straumunderskotet at desse ikkje fungerer optimalt. Samtidig forbyr Israel import av ein betydeleg del av vedlikehaldsutstyret som er naudsynt for å drifte desse anlegga. I 2019 rapporterte UNICEF at berre eitt av ti hushald på Gazastripa hadde direkte tilgang på trygt vatn (von Medeazza 2019). Seinast i fjor haust hevda Euro-Med Human Rights Monitor at 97 % av drikkevatnet på Gazastripa var udrikkeleg (Euro-Med Human Rights Monitor 2021).

Mangelen på reint vatn har alvorlege konsekvensar for helse og hygiene. I oktober 2021 sa Euro-Med Human Rights Monitor og Global Institute for Water, Environment and Health i ein felles appell til FN's menneskerettsråd, at vassforureining er skuld i ein fjerdedel av all sjukdom på Gazastripa og at 12 % av dødsfall blant små barn og spedbarn, er knytt til tarmsjukdomar som kjem av forureina vatn (Euro-Med Human Rights Monitor 2021).

I juni 2022 rapporterte Reuters at situasjonen ved strender og kystområde langs Gazastripa hadde blitt noko betre dei siste månadane fordi ei rekke donorstøtta kloakkbehandlingsanlegg hadde kunne trappe opp innsatsen (al-Mughrabi 2022). Ifølgje det lokale Miljøkvalitets- og vasstilsynet, som tilhøyrar Hamas-regjeringa, var omlag 65 % av strendene no å rekne for trygge og reine (al-Mughrabi 2022).

Dette gir eit bilde av korleis vasskvaliteten heng tett saman med tilgangen til elektrisitet og importvarer, og er talande for korleis blokaden i aller største grad definerer begge.

Mat

Mangelen på reint vatn og tilgang til stabil elektrisitet har også konsekvensar for kosthald og ernæring. Når det er sagt, er det i all hovudsak mangel på kjøpekraft som er den største utfordringa for folks *matsikkerheit* på Gazastripa. Matsikkerheit vil seie at folk har trygg og økonomisk tilgang på nok og trygg mat til eit fullverdig kosthald.

I kjølvatnet av krigen i mai 2021 rapporterte Verdas matvareprogram at sjølv om tilgangen til mat via lokale marknader var minimalt påverka av konflikten, førte valden til at om lag 20 000 arbeidarar mista inntekta si, medan restriksjonar på import av landbruksprodukt førte til betydelege tap for bønder (WFP 2021). 7 av 10 hushald på Gazastripa skal på dette tidspunktet ha vore utan matsikkerheit

(WFP 2021). Ein forskingsartikkel basert på feltarbeid frå same tidspunkt, fann at 30 % av barn frå familiar utan matsikkerheit, lei av akutt underernæring (El Bilbeisi et al. 2022).

Sidan har befolkninga sin evne til å sikre seg mat vorte forverra betrakteleg på grunn av den russiske invasjonen av Ukraina. Gazastripa importerer mellom anna russisk kveite og ukrainsk vegetabilsk olje via Israel, og i april 2022 rapporterte lokale media at prisane på basisvarer som kveite, matolje, sukker og belgfrukter hadde stege betrakteleg (Mahmoud 2022).

I tillegg til å øydeleggje den lokale økonomien, hindrar blokaden befolkninga i å utnytte lokale ressursar og å vere sjølvforsynt med råvarer frå både hav og land. Ei stadig fluktuerande nautisk grense som hindrar dei alle fleste fiskarane frå å nå ut til djupe havområde, israelske åtak mot palestinske båtar og forbod mot å importere delar for å reparere båtmotorar og anna maskineri, har over tid vore med på å kvele fiskenæringa (Aludani 2022; MEMO 2021). Samtidig skapar overbefolkning, vassmangel og avgrensa tilgang til landområde langs grensa mot Israel store utfordringar for landbruk og bønder (Gaza Urban & Peri-urban Agriculture Platform 2021).

Israel (og Egypt) ville kunne forbetre matsikkerheita på Gazastripa betrakteleg ved å gi fleire reiseløyve til palestinske arbeidarar (sjå under) og legge til rette for meir fiske.

Helse

Helsevesenet på Gazastripa består av eit lappeteppje av lokale og internasjonale aktørar som drifrar eit mangfald av private og offentlege tenester (Landinfo 2021, s. 31). Dei viktigaste aktørane kan i grove trekk delast inn i tre kategoriar: 1) Det palestinske helsedepartementet, 2) FN-byrået UNRWA og andre donorstøtta helsetilbod, og 3) kommersielle aktørar. I tillegg kjem spesialiserte helseinstitusjonar i dei omkringliggjande områda.

Til trass for mangfaldet av aktørar, er helsesektoren ute av stand til å takle dei humanitære utfordringane. Helseinfrastrukturen på Gazastripa er i stor grad prega av blokaden, og har i lengre tid lidd av eit akutt underskot på medisinar, utstyr, spesialiserte legar, og myndigheitene sin manglande evne til å betale helsepersonell (Alkhaldi et al. 2021).

Israel forbyr import av ei rekke utstyr og medisinske produkt som kan tenkast å kunne utnyttast til militære føremål («dual use»). I april 2022 uttalte Helsedepartementet på Gazastripa at blokaden hindrar import av 47 % av essensielle medisinar, 21 % av medisinske forbruksvarer og 60 % av naudsynt laboratorieutstyr (Majid 2022). Lista er i stadig endring og tar lite omsyn til presserande humanitære eller medisinske behov. Forboda rammar spesielt pasientar som treng strålebehandling, dialyse, hjarteoperasjonar etc. (MAP & al Mezan 2022, s. 6).

Dette gjer at tusenvis av pasientar årleg (om lag 15 000 i 2021) må gjennom ein krungete byråkratiske prosess for å få plass på sjukehus på Vestbreidda, i Aust-Jerusalem, Israel, Egypt eller andre land der helsetilboda er betre. Både israelske og egyptiske myndigheiter praktiserer eit system der pasientar må søke om å forlate Gazastripa for å få behandling, og prosessen – som kan vere svært tidkrevjande – endar ofte i avslag utan oppgitt grunn. I ein uttale frå juni 2022 hevda helsemyndigheitene på Gazastripa at 40 % av alle pasientar blir hindra i å reise frå Gaza for å ta imot behandling andre stader (Majid 2022). Sjølv dei som får innvilga søknaden, må ofte rekne med å flytte behandlinga fleire gonger, mens dei ventar på at søknaden skal bli behandla. Blokaden hindrar også palestinsk helsepersonell i å forlate Gazastripa for å delta på eksterne kurs, konferansar og styrke sin faglege kompetanse (MAP & al Mezan 2022, s. 3).

Usikkerheit, fattigdom og stengsel går utover psykisk helse. Verdas helseorganisasjon skreiv i 2019 at langvarig eksponering for vald og vedvarande okkupasjon har gjort psykiske lidingar til ei av dei største folkehelseutfordringane i dei palestinske områda inkludert Gazastripa (WHO 2019, s. 5). Mykje tyder på at behovet for psykisk helsevern har stige etter utbrotet av Covid-19 og ikkje minst sidan krigen i mai 2021. Spesielt barn er i faresona. I juni 2022 lanserte Redd Barna ein rapport som slo fast at talet på barn med emosjonelle traume, hadde stige frå 55 % til 80 % sidan 2018.

Det er ei kjensgjerning at interne palestinske spenningar er med på å komplisere tilgangen til helsehjelp på Gazastripa. Da Hamas tok over Helsedepartementet i 2007, gjekk offentlege tilsette frå PA ut i streik, og helsevesenet var nær ein fullstendig kollaps (Hovdenak 2010, s. 17). Sidan den gong har forholdet mellom Hamas og PA vore prega av både gjensidig avhengigheit og konkurranse, der pragmatiske løysingar trumfar etableringa av ein robust offentlig helseinfrastruktur. Grunna Israels sanksjonar er Hamas avhengig av å koordinere pasienttilvisingar og bestilling av medisinar og medisinsk utstyr med PA, som held fram med å betale løn til enkelte offentlege tilsette på Gazastripa (Jebril & Deakin 2022). Avhengigheita av PA for å styre helsesektoren har ført til ei fragmentering av helsevesenet, der fraksjonstenking og politisk klientelisme er med på å hindre utviklinga av effektive, offentlege tenester (Jebril & Deakin 2022, s. 2).

Utdanning

På Gazastripa er barnehagar, skolar og universitetssektoren underlagt Departementet for kunnskap og høgare utdanning, medan UNRWA organiserer barnehagar og skolegang for flyktningbefolkninga. Da Hamas byrja å ta over utdanningssektoren i 2007, støtte rørsla på store utfordringar i og med at det internasjonale samfunnet ikkje ville godkjenne vitnemål frå Hamas-organiserte skolar (Brenner 2017, s. 52). For å unngå full boikott godtok Hamas at PA tok del i å utforme pensum, slutteksamen og vitnemål for vidaregåande elevar på Gazastripa (Hovdenak 2010, s. 20). UNRWAs læringsmateriale er også basert på det PA bruker på Vestbreidda.

Jamvel om desse formene for samarbeid mogleggjer utdanning på Gazastripa, legg blokaden tunge føringar for barnehage-, skole-, og universitetskvardagen. Hyppige elektrisitetsskutt, overfylte klasserom, krigstraume og dårlege økonomiske kår går utover konsentrasjonsevna og læremoglegheitene til elevar og studentar i alle aldrar. I ei undersøking som menneskerettsorganisasjonen al Mezan publiserte i august 2021, hevda 185 av 668 intervjuar skoleelevar at dei hadde opplevd å bli utsett for vald av israelske styrkar i form av skyting eller luftåtak, medan nær halvparten kjende seg utrygge i området der dei budde (al Mezan 2021, s. 5).

Utan å oppgi konkrete tal, skreiv Human Rights Watch i juni 2022 at studentar og akademikarar på Gazastripa opplever hyppige avslag på søknadar om utveksling til Vestbreidda sine utdanningsinstitusjonar (HRW 2022) og at blokaden såleis hindrar akademisk kontakt med omverda.

Palestinske myndigheites påverknad på den humanitære situasjonen

Som forklart over, blir ressursar som elektrisitet, vatn, mat, helse og utdanning forvalta av palestinske myndigheiter, lokale ikkje-statlege organisasjonar, det internasjonale donorsamfunnet og private aktørar. Når det er sagt, er desse aktørane sitt handlerom for å handtere den prekære humanitære situasjonen svært innskrenka på grunn av blokaden. Gazastripa er heilt avhengig av at Israel og Egypt held grensene opne for både folk og varer for at samfunnet skal fungere. Ei rekke tredjepartsland, som Qatar, Saudi-Arabia, Tyrkia og andre, har ofte tatt på seg rolla som meklarar mellom lokale styresmaktar og Israel, men etter femten år med vedvarande blokade er det inntil vidare svært lite som tyder på at slike former for mekling fører til substansielle endringar.

Fråværet av direkte diplomatisk kontakt mellom Israel og Hamas, som er det de facto styrande partiet på Gazastripa, gjer at drifta av kritiske samfunnsstrukturar blir fragmentert og politisert. Som vi har sett, er dette spesielt synleg i energi-sektoren og helsevesenet, der Hamas i stor grad er avhengig av PA for å sikre avtalar med Israel om import av ressursar og frakt av pasientar på tvers av grensene osv.

Jamvel om denne forma for praktisk samarbeid mellom politiske rivalar lettar på trykket, har ho også vist seg å skape uorden. Konkurransen og kniving om ressursar mellom Hamas og Fatah (som styrer PA), har periodevis hatt ein direkte negativ effekt på den humanitære situasjonen. I 2017–18 iverksette for eksempel PA fleire tiltak for å presse Hamas til forhandlingsbordet. Dette innebar mellom anna å halde tilbake medisinske forsyningar til Gazastripa (Rasgon 2017) og å stoppe å betale for israelske straumforsyningar (Heller 2017). Seinast hausten 2021

kritiserte Hamas PA for å trekke seg ut av ein avtale som ville ha latt Qatar nytte PA-tilknytte bankar for å betale løningar til offentlege tilsette (Reuters 2021).

Med andre ord har PA, gjennom diplomatiske forbindingar til Israel, i nokon grad makt til å påverke den humanitære situasjonen – i alle fall når det gjeld evna til å avgrense tilførselen av naudsynte ressursar. På den andre sida er det lite som tyder på at verken Hamas eller PA har openberre moglegheiter til å utfordre stengselet.

Israels og Egypts forklaring på blokaden

Israel sitt sikkerheitskabinett erklærte i september 2007 at Hamas si overtaking av Gazastripa hadde gjort området til eit «fiendtleg territorium,» og at å avgrense forsyninga av ressursar til området var eit sikringstiltak for å hindre at Hamas kunne utnytte elektrisitet og drivstoff til å bygge rakettar eller styrke sin militære infrastruktur. Vidare etablerte kabinettet at i den grad Israel hadde eit ansvar overfor Gaza si sivilbefolkning, var dette avgrensa til å sørgje for eit minstemål av forsyningar for å hindre ei humanitær krise (Ministry of Foreign Affairs (Israel) 2007). Sidan den gang har Israel heldt fast på at blokaden handlar om tryggleik, og ikkje er «politisk motivert» (Statsministaer Naftali Bennet sitert i Lyons & Calzonetti 2022).

Egyptys insentiv for å oppretthalde blokaden av Rafah-grensa er i stor grad motivert av to faktorar: 1) leiarskapen sin skepsis til Hamas-rørsla og frykt for at Den muslimske brorskapen (som tidlegare formelt var ein alliert av Hamas) skal vekse seg stor på heimebane og 2) behovet for å dyrke gode diplomatiske band med USA og Israel, og hevde seg som ein nøkkelforhandlar i palestinske affærar (Karmon 2013, s. 117; Raghavan 2021).

Synet til sivilsamfunnsorganisasjonar og FN

Det er eit utbreidd synspunkt blant lokale og internasjonale menneskerettsorganisasjonar og FN-organisasjonane som koordinerer nødhjelpsinnnsatsen på Gazastripa, at blokaden er politisk motivert, og at sanksjonane Israel og Egypt praktiserer mot Gazastripa går langt utover statane sine tryggleiksbehov.

Nokre av desse organisasjonane har i tråd med femtenårsmarkeringa av blokaden, argumentert for at han er ei form for kollektiv avstraffing (MAP & al Mezan 2022; OXFAM 2022), meint for å undertrykke og dominere palestinarene (Amnesty International 2022), og del av ein israelsk separasjonspolitik (HRW 2022) med mål å isolere innbyggjarane frå omverda og spesielt Vestbreidda (OHCHR 2022). FN-leiinga har på si side vore meir avmålt i skildringane av motiva bak blokaden, men har like fullt tatt til orde for å oppheve han (The Independent 2017).

Ein fluktuerande blokade, veksande humanitære behov

Tilgang til reisetillatingar, varer og ressursar kan fluktuere mykje. Grunna lettingar i Covid-19-relaterte reiserestriksjonar, slepp Israel no inn fleire palestinske arbeidarar enn i 2021. OCHA rapporterte i april 2022 at Israel godkjente nær 28 600 unike utreiseløyve, fire gonger fleire enn det månadlege gjennomsnittet for 2021 (OCHA 2022b). Dei aller fleste var dagarbeidarar på oppdrag i Israel. Same månad godkjente Egypt om lag 7700 utreiseløyve, 30 %, færre enn gjennomsnittet for 2021 (OCHA 2022b).

I kjølvatnet av krigen mellom Hamas og Israel i mai 2021, letta Israel på importforbodet av byggematerialar som grus, sement og stål, for å tillate ei gjenoppbygging av hus og enkelte former for infrastruktur som vart øydelagt i kampane (Federman & Shurafa 2021). På si side sørgja Egypt for å la nødhjelp og konstruksjonskonvoiar sleppe inn gjennom Rafah-grensa (Akram 2022).

Dette endrar likevel ikkje nemneverdig på dei humanitære forholda. I første kvartal av 2022 rapporterte Det palestinske statlege statistikkbyrået at nærare halvparten av Gaza si befolkning var arbeidsledige (PCBS 2022); blant dei høgste tala i verda. Verdsbanken går ut ifrå at om lag 60 % lever under fattigdomsgrensa (WB 2021), og anslår at talet vil stige dei kommande åra om blokaden, det interne skiljet mellom Vestbreidda og Gaza og stagneringa av bistand held fram (WB 2022).

Den humanitære situasjonen blir i stor grad definert av Israels og Egypts behov, og det er lite som tyder på at det vil endre seg utan substansielle politiske løysingar. Landinfo bekreftar med dette at vurderingane som vart gjort i temannotatet frå desember 2021, er like aktuelle i dag.

Om Landinfos responsar

Utlendingsforvaltninga si fageining for landinformasjon (Landinfo) innhentar og analyserer informasjon om samfunnsforhold og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet har behov for kunnskap om.

Landinfos responsar er basert på opplysningar frå nøye utvalde informasjonskjelder, og kan bygge på både skriftleg og munnleg kjeldemateriale. Opplysningane er behandla i samsvar med [anerkjende kvalitetskriterium for landinformasjon](#) og [Landinfo sine retningslinjer for kjelde- og informasjonsanalyse](#).

Ein respons er eit svar på konkrete spørsmål som saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga har stilt Landinfo, og er ikkje meint å vere utfyllande utgreiningar om eit tema. Responsane er utarbeida innfor korte fristar, og kjeldegrunnlaget er ikkje alltid like breitt som i temanotata.

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som presenterast, kan ikkje bli tatt til inntekt for eit bestemt syn på kva praksis bør vere i utlendingsforvaltninga si behandling av søknadar. Landinfo sine responsar gir heller ikkje uttrykk for norske myndigheiter sitt syn på dei omtalte landa og forholda.

Referansar

- Ahmed v. Prime Minister (2008, 30. januar). *Ahmed v. Prime Minister (HCJ 9132/07)*. Tilgjengelig fra <https://versa.cardozo.yu.edu/opinions/ahmed-v-prime-minister> [lastet ned 21. juni 2021].
- Akram, Fares (2022, 14. februar). Egypt steps up Gaza role after brokering last year's truce. *Associated Press News*. Tilgjengelig fra <https://apnews.com/article/hamas-abdel-fattah-el-sissi-middle-east-egypt-africa-e016845c51bf45d9652fbc41ed09dab6> [lastet ned 21. juni 2022].
- al-Mughrabi, Nidal (2022, 9. juni). For the first time in years, Gazans enjoy clean seawater. *Reuters*. Tilgjengelig fra <https://www.reuters.com/world/middle-east/first-time-years-gazans-enjoy-clean-seawater-2022-06-09/> [lastet ned 21. juni 2022].
- al Mezan, dvs. al Mezan Center for Human Rights (2021, august). *Fact Sheet on Obstacles to Accessing Education in the Gaza Strip*. Gaza. Tilgjengelig fra <http://mezan.org/en/uploads/files/16370611621858.pdf> [lastet ned 22. juni 2022].
- Alkhalidi, Mohammed; Abuzerr, Samer; Abu Obaid, Hassan; Alnajjar, Ghada; Alkhalidi, Ahmed & Alkaiyat, Abdulsalam (2021). Social Determinants of Health in Fragile and Conflict Zones Before and During Coronavirus Pandemic: the Focus on the Gaza Strip. I: (s. 1-28).
- Aludani, Wafa (2022, 30. april). fishing area, attacking fishermen and their boats while they are at sea, and preventing the import of fishing equipment. *MEMO, dvs. Middle East Monitor*. Tilgjengelig fra <https://www.middleeastmonitor.com/20220430-gazas-fishermen-struggling-for-a-catch-to-feed-their-families/> [lastet ned 27. juni 2022].
- Amnesty International (2022, 1. februar). *Israel's apartheid against Palestinians: a cruel system of domination and a crime against humanity*. London: Amnesty International. Tilgjengelig fra <https://www.amnesty.org/en/latest/news/2022/02/israels-apartheid-against-palestinians-a-cruel-system-of-domination-and-a-crime-against-humanity/> [lastet ned 22. juni 2022].
- Boxerman, Aaron (2021, 21. januar). Qatar raises annual aid to Gaza to \$360 million. *Times of Israel*. Tilgjengelig fra <https://www.timesofisrael.com/qatar-raises-annual-aid-to-gaza-to-360-million/> [lastet ned 21. juni 2022].

- El-Khozondar, Hala J. & El-batta, Fady (2022). Solar energy implementation at the household level: Gaza Strip case study. *Energy, Sustainability and Society*, 12(1), 17. Tilgjengelig fra <https://doi.org/10.1186/s13705-022-00343-7> [lastet ned 28. juni 2022].
- El Bilbeisi, Abdel Hamid; Al-Jawaldeh, Ayoub; Albelbeisi, Ali; Abuzerr, Samer; Elmadfa, Ibrahim & Nasreddine, Lara (2022). Households' Food Insecurity and Their Association With Dietary Intakes, Nutrition-Related Knowledge, Attitudes and Practices Among Under-five Children in Gaza Strip, Palestine. *Frontiers in Public Health*, 10. <https://doi.org/10.3389/fpubh.2022.808700> Tilgjengelig fra <https://www.frontiersin.org/article/10.3389/fpubh.2022.808700> [lastet ned 29. juni 2022].
- Euro-Med Human Rights Monitor (2021, 4. oktober). *Euro-Med Monitor at HRC: Gazans are slowly poisoned as 97% of Gaza's water is undrinkable*. Gaza: Euro-Med Human Rights Monitor. Tilgjengelig fra <https://www.euromedmonitor.org/en/article/4644/Euro-Med-Monitor-at-HRC:-Gazans-are-slowly-poisoned-as-97%25-of-Gaza%E2%80%99s-water-is-undrinkable> [2022].
- Federman, Josef & Shurafa, Wafaa (2021, 31. august). Israel lets building goods into Gaza, easing postwar closure. *Associated Press News*. Tilgjengelig fra <https://apnews.com/article/middle-east-israel-d3b614a3268aea1e1e01f03df6248cae> [lastet ned 21. juni 2022].
- Gaza Urban & Peri-urban Agriculture Platform (2021). *Urban and peri-urban agriculture in the Gaza strip*. Gaza: Gaza Urban & Peri-urban Agriculture Platform. Tilgjengelig fra <https://gupap.org/en/urban-agriculture-in-the-gaza-strip/> [lastet ned 27. juni 2022].
- GEDCo (2017). *Press release issued by Gaza Electricity Distribution Corporation (GEDCo)*. Gaza: GEDCo. Tilgjengelig fra <https://www.gedco.ps/?p=2698&lang=en> [lastet ned 28. juni 2022].
- GEDCo (u.å.). *About GEDCo*. Gaza: GEDCo. Tilgjengelig fra <https://www.gedco.ps/?p=639&lang=en> [lastet ned 21. juni 2022].
- Gisha (2017, 14. september). Solar power to the people. *Gisha*. Tilgjengelig fra <https://gisha.org/en/solar-power-to-the-people/> [lastet ned 21. juni 2021].
- Gisha (2019, 29. august). Following Israel's reduction of fuel transfer to the Strip: Electricity supply to Gaza residents down to around nine hours per day. *Gisha*. Tilgjengelig fra <https://gisha.org/en/following-israels-reduction-of-fuel-transfer-to-the-strip-electricity-supply-to-gaza-residents-down-to-around-nine-hours-per-day/> [lastet ned 21. juni 2021].
- Heller, Jeffrey (2017, 27. april). Palestinian Authority halts its payments for Israeli electricity for Gaza - Israel. *Reuters*. Tilgjengelig fra <https://www.reuters.com/article/israel-palestinians-gaza-electricity-idUSL8N1HZ32D> [lastet ned 22. juni 2022].
- Hovdenak, Are (2010, mars). *The Public Services under Hamas in Gaza: Islamic Revolution or Crisis Management?* Oslo: PRIO. Tilgjengelig fra <https://www.prio.org/publications/7374> [lastet ned 29. juni].
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2020, 3. desember). *Gaza: Israeli Restrictions Harm People with Disabilities*. New York: HRW. Tilgjengelig fra <https://www.hrw.org/news/2020/12/03/gaza-israeli-restrictions-harm-people-disabilities> [lastet ned 29. juni 2022].
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2022, 13. juni). *Gaza: An 'Open-Air Prison'*. Human Rights Watch. Tilgjengelig fra <https://www.hrw.org/video-photos/video/2022/06/13/gaza-open-air-prison> [lastet ned 22. juni 2022].

- Jebril, Mona & Deakin, Simon (2022). The political economy of health in the Gaza strip: Reversing de-development. *Journal of global health*, 12, 03014-03014. Tilgjengelig fra <https://pubmed.ncbi.nlm.nih.gov/35392584/> [lastet ned 29. juni 2022].
- Karmon, Ely (2013). Hamas in Dire Straits. *Perspectives on Terrorism*, 7(5), 111-126. Tilgjengelig fra <http://www.jstor.org/stable/26297010> [lastet ned 27. juni 2022].
- Klaiman, Shahrar (2021, 27. desember). Qatar to invest \$60 million in Gaza gas pipeline. *Jewish News Syndicate*. Tilgjengelig fra <https://www.jns.org/qatar-to-invest-60-million-in-gaza-gas-pipeline/> [lastet ned 24. juni 2022].
- Landinfo (2021, 1. desember). *Palestina: Humanitære forhold på Gazastripen*. Oslo: Landinfo. Tilgjengelig fra <https://landinfo.no/wp-content/uploads/2021/12/Temanotat-Palestina-Humanitaere-forhold-i-Gaza-01122021.pdf> [lastet ned 29. juni 2022].
- Lieber, Dov (2018, 7. januar). After months of cuts, Israel to increase electricity to Gaza at PA's request. *Times of Israel*. Tilgjengelig fra <https://www.timesofisrael.com/after-months-of-cuts-israel-to-increase-electricity-to-gaza-at-pas-request/> [lastet ned 29. juni 2022].
- Lyons, Emmet & Calzonetti, Claire (2022). Israeli PM Naftali Bennett says security decisions taken in Jerusalem and Gaza are 'not political'. *CNN*. Tilgjengelig fra <https://edition.cnn.com/2022/04/20/world/israel-bennett-temple-mount-gaza-intl/index.html> [lastet ned 22. juni 2022].
- Mahmoud, Amany (2022, 1. april). Gaza's poor, reconstruction projects victims of Russia-Ukraine war. *al-Monitor*. Tilgjengelig fra <https://www.al-monitor.com/originals/2022/03/gazas-poor-reconstruction-projects-victims-russia-ukraine-war#ixzz7WpoEJPOj> [lastet ned 21. juni 2022].
- Majid, Muhammad (2022, 7. april). غزة تطالب برفع الحصار الإسرائيلي لحماية واقعها الصحي والبيئي [Gaza krev å løfte den israelske blokaden for å ta vare på miljøet]. *Andalou Ajansi*. Tilgjengelig fra <https://www.aa.com.tr/ar/2557966/إسرائيل/غزة-تطالب-برفع-الحصار-الإسرائيلي-لحماية-واقعها-الصحي-والبيئي> [lastet ned 21. juni 2022].
- MAP, dvs. Medical Aid for Palestinians & al Mezan, dvs. al Mezan Center for Human Rights (2022, juni). *Delayed, denied and deprived: The collective punishment of Palestinian patients in Gaza in the context of Israel's 15-year blockade*. Tilgjengelig fra <http://mezan.org/en/uploads/files/16552750921901.pdf> [lastet ned 21. juni 2021].
- MEMO, dvs. Middle East Monitor (2018, 12. september). Gaza hospital to close due to fuel shortfall. *MEMO*. Tilgjengelig fra <https://www.middleeastmonitor.com/20180912-gaza-hospital-to-close-due-to-fuel-shortfall/> [lastet ned 21. juni 2022].
- MEMO, dvs. Middle East Monitor (2021, 29 april.). 90% of Gaza fishermen live below poverty line. *MEMO*. Tilgjengelig fra <https://www.middleeastmonitor.com/20210429-90-of-gaza-fishermen-live-below-poverty-line/> [lastet ned 27. juni 2022].
- Ministry of Foreign Affairs (Israel) (2007, 24. september). *Behind the Headlines: Israel Designates Gaza a "Hostile Territory"* (Ministry of Foreign Affairs (Israel)). Tel Aviv. Tilgjengelig fra <https://www.gov.il/en/Departments/General/behind-the-headlines-israel-designates-gaza-a-hostile-territory> [lastet ned 22. juni 2022].
- OCHA, dvs. United Nations Office for the Coordination of Humanitarian Affairs (2018, 16. november). *Study warns water sanitation crisis in Gaza may cause disease outbreak and possible epidemic*. Genève. Tilgjengelig fra <https://www.ochaopt.org/content/study-warns-water-sanitation-crisis-gaza-may-cause-disease-outbreak-and-possible-epidemic#:~:text=> [lastet ned 21. juni 2021].

- OCHA, dvs. United Nations Office for the Coordination of Humanitarian Affairs (2022a). *Electricity in the Gaza Strip*. Genève: OCHA. Tilgjengelig fra <https://www.ochaopt.org/page/gaza-strip-electricity-supply> [lastet ned 21. juni 2022].
- OCHA, dvs. United Nations Office for the Coordination of Humanitarian Affairs (2022b, 5. mai). *Movement in and out of Gaza: update covering April 2022*. Genève. Tilgjengelig fra <https://www.ochaopt.org/content/movement-and-out-gaza-update-covering-april-2022> [lastet ned 21. juni 2022].
- OHCHR, dvs. FNs høgkommissær for menneskerettar (2022, 13. juni). *Report of the Independent International Commission of Inquiry on the Occupied Palestinian Territory, including East Jerusalem, and Israel*. Genève. Tilgjengelig fra <https://documents-dds-ny.un.org/doc/UNDOC/GEN/G22/337/18/PDF/G2233718.pdf?OpenElement> [lastet ned 22. juni 2022].
- OXFAM (2022, 15. juni). *Israel's blockade of Gaza hits 15 years with no diplomatic resolution in sight*. London: OXFAM. Tilgjengelig fra <https://www.oxfam.org/en/press-releases/israels-blockade-gaza-hits-15-years-no-diplomatic-resolution-sight> [lastet ned 22. juni 2022].
- PCBS, dvs. Palestinian Central Bureau of Statistics (2022, 10. mai). *State of Palestine Palestinian Central Bureau of Statistics*. Ramallah: Dei palestinske sjølvstyremyndighetene (PA). Tilgjengelig fra <https://www.pcbs.gov.ps/post.aspx?lang=en&ItemID=4232> [lastet ned 22. juni 2022].
- Rabinovich, Ariel & al-Mughrabi, Nidal (2021, 23 februar). Gas to Gaza? The pipeline that might provide a lifeline. *Reuters*. Tilgjengelig fra <https://www.reuters.com/article/us-israel-palestinians-gaza-pipeline-idUSKBN2AN1LJ> [lastet ned 21. juni 2022].
- Raghavan, Sudarsan (2021, 21. mai). Once snubbed by Biden, Egypt's Sissi uses Gaza cease-fire role to prove his relevance. *The Washington Post*. Tilgjengelig fra https://www.washingtonpost.com/world/middle_east/sissi-israel-gaza-ceasefire-biden-egypt/2021/05/21/fb054dc8-b9c9-11eb-bc4a-62849cf6cca9_story.html [lastet ned 27. juni 2022].
- Rasgon, Adam (2017, 15. juni). PA has not sent medical shipments to Gaza for over three months. *The Jerusalem Post*. Tilgjengelig fra <https://www.jpost.com/Middle-East/PA-has-not-sent-medical-shipments-to-Gaza-for-over-three-months-496999> [lastet ned 22. juni 2022].
- Reuters (2021, 10. september). Palestinian Authority withdraws from Qatar funding scheme for Gaza - Qatari envoy. *Reuters*. Tilgjengelig fra <https://www.reuters.com/world/middle-east/pa-withdraws-qatar-funding-scheme-gaza-qatari-envoy-says-2021-09-10/> [lastet ned 22. juni 2022].
- The Independent (2017, 31 august). UN chief calls for end of Israeli blockade of Gaza. *The Independent*. Tilgjengelig fra <https://www.independent.co.uk/news/world/middle-east/israeli-blockade-gaza-un-chief-antonio-guterres-calls-for-end-humanitarian-crisis-palestine-a7921971.html> [lastet ned 22. juni 2022].
- Times of Israel (2021, 27. desember). Qatar, PA advance deal to supply Gaza power plant with Israeli natural gas. *Times of Israel*. Tilgjengelig fra <https://www.timesofisrael.com/qatar-pa-advance-deal-to-supply-gaza-power-plant-with-israeli-natural-gas/> [lastet ned 21. juni 2021].
- von Medeazza, Gregory (2019, 19. januar). *Searching for clean water in Gaza*. New York. Tilgjengelig fra <https://blogs.unicef.org/blog/searching-clean-water-gaza/> [lastet ned 21. juni 2022].
- WB, dvs. The World Bank (2021, 9. november). *Economic Monitoring Report to the Ad Hoc Liaison Committee- November 2021*. Washington DC. Tilgjengelig fra

<https://www.worldbank.org/en/country/westbankandgaza/publication/economic-monitoring-report-to-the-ad-hoc-liaison-committee-november-2021> [lastet ned 22. juni 2022].

WB, dvs. The World Bank (2022, 14. april). *Palestinian Territories' Economic Update — April 2022*. Washington DC. Tilgjengelig fra <https://www.worldbank.org/en/country/westbankandgaza/publication/economic-update-april-2022> [lastet ned 22. juni 2022].

WFP, dvs. World Food Programme (2021, 23. juni). *Gaza Emergency Food Security Assessment Following the escalation of hostilities and unrest in the State of Palestine in May 2021*. Jerusalem. Tilgjengelig fra https://docs.wfp.org/api/documents/WFP-0000129650/download/?_ga=2.122207817.397098098.1655364529-1023628209.1655364529 [lastet ned 21. juni 2021].

WHO, dvs. World Health Organization (2019, 1. mai). *Health conditions in the occupied Palestinian territory, including east Jerusalem, and in the occupied Syrian Golan*. Genève. Tilgjengelig fra https://apps.who.int/gb/ebwha/pdf_files/WHA72/A72_33-en.pdf [lastet ned 21. juni 2021].

© Landinfo 2022

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklovens lovføresegn. Utan særskild avtale med Landinfo er ein kvar eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillaten i den utstrekning det er heimla i lov.